


Planinitiativ

Detaljregulering for gnr. 9 bnr. 1, 2, 5, 8, 10, 11, 12, 35 og 36
Indra Rabbavika, Austevoll



se arkitektur

Siste oppdatering: 09.04.2026

NO 986 536 345 MVA
www.se-arkitektur.no

Bergen | Fantoftvegen 111, 5072 Bergen | 55 98 70 20
Austevoll | Bekkjjarvik 74 – H0213 (PB 5) 5397 Bekkjjarvik | 45 42 23 30

firma@se-arkitektur.no
austevoll@se-arkitektur.no

NØKKELOPPLYSNINGAR	
Stadnamn / GNR. BNR.	Indra Rabbavika, Austevoll kommune/ Gnr. 9 bnr. 1, 2, 5, 8, 10, 11, 12, 35 og 36
Plantype	Detaljregulering, privat
Gjeldande planstatus	Arealføremål i KPA, 2013 - 23: <ul style="list-style-type: none"> - Fritids- og turistformål - LNFR (Noverande) - Spredt boligbebyggelse (noverande) - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
Planlagde arealføremål	<ul style="list-style-type: none"> - Utleiehytter - Naust - Småbåtanlegg - Køyreveg - Gangareal - Kai - Naturområde - LNF
Storleik på planområdet	15 daa
Aktuelle problemstillingar ein ønskjer å drøfte	<ul style="list-style-type: none"> - Utbygging i strandsona, høgde, storleik, tall einingar osv. - Utviding av kaiarealet (muring eller på pålar). - Dei 2 eksisterande bygga. Det eine skal bruksendrast frå naust til utleiehytte i samsvar med KPA. - Vegtilkomst og tilgrensande RP. - Flytebryggeanlegg, ein flytebrygge per eining.
Framlegg til plannamn	Detaljregulering for utleiehytter, gnr. 9 bnr. 1 m.fl. Indra Rabbavika
Forslagstillar/tiltakshavar	Lillian Hufthammer, Heine Tøkje, Kristoffer Aase
Plankonsulent	Se-arkitektur AS Bekkjarvik 74, 5397, Bekkjarvik plan@se-arkitektur.no Prosjektnr. 1077
Andre opplysningar	<p>Tidlegare sak 15/827 hos kommunen. Reguleringsplanen ble starta opp i 2015, med oppstartssøknad samme år. I 2021 ble saka avslutta, sidan den har vore inaktiv i over 5 år (med unntak av e-postkorrespondanse). Saka blei opna igjen i 2022, men arbeidet stoppa grunna ueinigheit rundt vegkryss. Se arkitektur tok over som plankonsulent i 2025.</p> <p>Den første utgåva av planinitiativet vert utarbeida av Nagla og godkjent i 2023. Noverande utgåve er ei oppdatering av denne.</p> <p>Det blir aktuelt å søke om heilt eller delvis reduksjon i gebyr.</p>

Innhald

a. Føremålet med planen	4
b. Informasjon om planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet.....	4
c. Planlagde bygg, anlegg og andre tiltak.....	5
d. Utbyggingsvolum og byggjehøgder	7
e. Funksjonell og miljømessig kvalitet.....	10
f. Verknadar av tiltaket på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar	10
g. Tilhøve til overordna planar og føringar	12
h. Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet	16
i. Ivaretaking av samfunnstryggleik / førebygging av risiko og sårbarheit.....	17
j. Offentlege organ og andre interesserte som skal varslast ved planoppstart	17
k. Prosessar for samarbeid og medverknad.....	18
l. Vurdering av konsekvensutgreiing	18
Vedlegg:.....	18

Planinitiativ

Private forslagsstillarar skal sende inn eit planinitiativ til kommunen seinast samstundes med tinging av oppstartmøte, jf. Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova § 1. Planinitiativet skal i naudsynt utstrekning gjere greie for premissane for det vidare planarbeidet og gjere greie for dei tema som er lista opp som bokstav a-l i forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova § 1.

a. Føremålet med planen

Målsettinga med planarbeidet er å regulere eit område på Indra Rabbavika for vidare utvikling, og vidareføring av eksisterande bygg og tiltak i samsvar med kommuneplanen.

Det skal setjast av areal for 6 ny tomter i strandsona for utleiehytter, eit eksisterande naust skal vidareførast og eit eksisterande større naust skal bruksendrast/rivast til å kunne bli nytta som to utleiehytter. Det er òg ønskeleg å utvide kaiarealet.

Det skal settast av store grøntareal bak utleiehyttene, på store delar av tomt g/bnr. 9/11. Vegtilkomst med parkering vert sett av, med gangareal opent for allmente fram til kaien.

b. Informasjon om planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet

Planområdet er på 15 daa og er lokalisert sør i Austevoll, på Indra Rabbavika (figur 1). Området ligg ca. 18 km unna Storebø sentrum og ca. 3,8 km unna Bekkjarvik sentrum målt langs køyrevegen.

Planområdet omfattar eigedomane gnr. 9 bnr. 1, 2, 5, 8, 10, 11, 12, 35 og 36. I nord og aust er planen avgrensa i sjø, i vest langs tilgrensande reguleringsplan, i sør langs eigedomar som grensar til tilkomstvegen og med avkjørsel til fylkesvegen. I nordvest overlappar forslag til planavgrensning ein liten del av eksisterande reguleringsplan (figur 2).



Figur 1 Lokalisering av planområdet sør i Austevoll, på Indra Rabbavik

Innanfor planområdet ligg det 2 eksisterande naust, kaiareal, ubebygde grøntareal og vegtilkomst. Kaiarealet har eit stort areal, og blir ikkje brukt i dag. Begge nausta blir brukt til oppbevaring av båtar og anna utstyr. Dei ubebygde grøntareala er kuperte med ein liten høgde midt i planområdet.



Figur 2: Forslag til ny plangrense til venstre. Grensa er justert for romslegare moglegheiter i planprosess. Til høgre er forslag til planavgrensning med tilgrensande reguleringsplan (planid 4625_20100005) og gjeldande kommuneplanens arealdel i bakgrunn. Overlapp av forslag til planavgrensning i nordvest, pluss vegarealet i sør.


c. Planlagde bygg, anlegg og andre tiltak

Det er ønskeleg å legge opp til 6 nye eigendomar for utleigehytter, vidareføre ein nausttomt, samt bruksendre det eine naustet til 2 utleigehytter. Alle dei 6 nye eigendommene for utleigehytte skal plasserast innanfor g/bnr. 9/12.

G/bnr. 9/12 er ikkje arealfesta i kartgrunnlaget og står oppført som ein sirkeleigedom ved båtskuret. Grunneigarane opplyser at g/bnr. 9/12 dekkjer både båtskuret og kaiarealet.

Det leggst opp til maksimalt 11 nye utleieeiningar med enten ein eller to einingar innanfor kvar tomt. Tomtar med 2 einingar skal ha bygg med ein størrelse på maksimalt 50m² per eining, mens tomtar med kunn ei eining skal ha bygg med ein størrelse på 80m² per eining. Alle nye bygg innanfor planområdet skal etablerast med innvendig golv i første etasje på kote + 3. Maksimal høgde for nye bygg skal vere 7,5 meter.

Med ein storleik som beskriven ovanfor vil det vere god passasje mellom alle bygga. Det vert lagt opp til ein stor og brei kaifront som skal vere open for allmenta.



Figur 3: Område markert i blått syner kor det er ønskeleg å utvide kaiarealet.

Alle dei nye bygga skal etablerast på det allereie planerte området og det skal ikkje vere naudsynt med terrengarbeid for å etablere dei aller fleste utleiehyttene. Det skal undersøkast om det er behov for litt terrengarbeid for tomten heilt i nordvest.

Vegtilkomsten som går heilt fram til kaien vil bli vidareført. Det vil bli regulert inn parkeringsareal tilhøyrande einingane. Plassering og tal på plassar vil bli vurdert vidare i planprosessen. Delar av parkeringsarealet kan krevje noko terrengingrep.

Det er ønskeleg å utvide kaiarealet nordvest i planområdet, med ein naturleg fortsetjing langs kaien slik den er i dag. Utvidinga vil gå over ei grunne og gjer ein rett kaifront mot nord (figur 3). Utvidinga er skal murast og/eller settast på pelar. Det er òg ønskeleg å oppgradera kaien, slik at den blir sterkare og ved legging av nytt VA anlegg i bakken. Eksisterande kai ligg i dag ca. på kote + 1,4.

Det er ønskeleg å legge opp til eit flytebryggeanlegg tilhøyrande utleieeiniane. Størrelse og plassering vil bli vurdert vidare i planprosessen.

Vegtilkomst til planområdet i tilknytning til fylkesvegen har eit utflytande vegkryss. Vestland fylkeskommune har som vegmynde vurdert behovet for rekkefølgekrav til planforslaget.



Figur 4 Utklipp frå "Kommunekart 3D" som syner vegkrysset frå fylkesveg. Avkøyrse mot to av dei eksisterande einingane er svert bratt.




Figur 5 illustrasjon av aktuelle tiltak i planområdet

d. Utbyggingsvolum og byggjehøgder

Det er ønskeleg å legge opp til 11 nye utleiehytter, det vurderast bruksendring av eit naust til 2 utleiehytter og eit naust skal vidareførast.

8 av dei nye utleiehyttene skal ha ein storleik på 50m^2 , mens dei siste 2 nye hyttane skal ha ein storleik på 80m^2 . Alle nye utleiehytter skal ha ein maks høgde på 7,5m.


Naustet som skal bruksendrast til 2 utleiehytter skal ha ein samla grunnflate på 140m^2 , og 70m^2 pr. eining. Dette tilsvara naustets grunnflate slik det er i dag. Maks høgde på bygget skal vere 7,5m. Naustet som skal vidareførast har ein storleik på 80m^2 , og ein høgde på 6 meter.




Figur 6: Utklipp frå "Kommunekart 3D" som syner planområdet sett frå sjø.



Figur 7 Volumillustrasjonar av ønska tiltak. Illustrasjonen er ikkje bindande og fungerer berre som ei skisse.



Figur 8 Eksisterende situasjon hentet frå kommunekart 3D



Figur 9 Volumillustrasjon av ønska tiltak. Illustrasjonen er ikkje bindande og fungerer berre som ei skisse.

e. Funksjonell og miljømessig kvalitet


Igjennom planarbeidet vil ein søkje å sikre gode løysingar for fellesareal og tiltak, ved å sette av ein brei kai som er tilgjengeleg for allmente. Det vil vere naudsynt med minimalt med terrenginngrep for å bygge nye utleiehytter. Ein skal elles følgje krav og retningslinjer som er sett til utbygging i TEK 17.

f. Verknadar av tiltaket på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar

Planområdet består av ein brei kai med opne planerte område mot sjø. I bakkant av kaien (mot sør) er det store ubygde grøntarealet. Alle nye byggetiltak blir plassert på eksisterande planeringsområde, og vil krevje lite eller ingen terrenginngrep for å gjennomførast.

Planforslaget vil ikkje ha store fjernverknadar, sidan nye bygg ikkje vil øydelegge silhuettverknaden og dei vil etablerast i eit allereie utbygd område.

Sør i planområdet er det registrert innmarksbeite (figur 5). Det er ikkje planlagt nokon nye byggetiltak innanfor dette området, men ein liten del av innmarksbeite blir vurdert vidareført til å vere ein del av eigeidom g/bnr. 9/12.



Figur 10 Utklipp frå kommunekart som syner arealressursar i området. Området i raudt vurderast vidareført som ein del av tomta til bygget i sør g/bnr. 9/12

Terrengprofil



Figur 11 Synar snittlinje for terrengprofil (kjelde: Kommunekart)



Figur 12 Terrengprofil gjennom planområdet fra vegkryss til havnivå, A-B. (Kjelde: kommune kart)



Figur 13 3d-kart med oversikt av planområde (Kjelde: kommune kart 3d)

g. Tilhøve til overordna planar og føringar

Arealdelen til kommuneplanen



Figur 14 Gjeldande KPA til venstre og forslag til ny KPA til høgre

I arealdelen til kommuneplanen for Austevoll (2013-2023) er arealbruk avsett til fritids- og turistformål, LNFR-område og bruk og vern av sjø og vassdrag. Eksisterande naust ligg innanfor arealformålet fritids- og turistformål. Planlagde nye utleigehytter skal plasserast innanfor arealformålet fritids- og turistformål.

I forslag til ny kommuneplanens arealdel for Austevoll (2024-2036) er områda endra til LNF-område. Planen er framleis ikkje vedtatt og det vert sendt innspel 01.05.2023 som frårådd endringa, med bakgrunn i naturleg fortetting av allereie utbygd område.

Aktuelle føresegner:

Fritids- og turistformål

4.2 Formålet er næring, fritids- og turistformål, pbl §11-7 nr 1. Næringsverksemda skal ha eit slikt omfang at det i seg sjølv, åtskilt frå anna næringsverksemd, minst går inn under skattelova sitt næringsomgrep. Omfanget av næringsverksemda skal eventuelt avklarast og opplysast nærare samt framgå av reguleringsplan, jf pbl §11-9 nr 8 og § 12-7 nr 2. Verksemda skal ikkje verke privatiserande for området. Arealet utanfor bygningane skal vere open for allmennheita. Det skal vere passasje mellom bygningane og sjø. Passasjen skal vere open for allmennheita. For alle nybygg skal det utarbeidast detaljreguleringsplan. Nybygg og nye tiltak skal ha god terreng- og landskapstilpassing. Alle tiltak skal ha så små terrengingrep som mogleg. Nybygg skal trekkast lengst mogleg bort frå sjø.

Austevoll kommune vegnorm

Kommunal vegnorm for Austevoll fastset rammer for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av vegnettet. Normen skal sikre trygg ferdsel for køyretøy og mjuke trafikkantar, med universell utforming for born og unge. Den skal vere tilpassa lokale tilhøve, med nasjonale vegnormalar som retningslinje ved behov, og vart vedtatt 12.12.2023 med heimel i veglova §§ 1 og 13 og Forskrift om anlegg av offentlig veg.

Planforslaget skal elles følgje retningsliner frå arealdelen til kommuneplanen, til dømes at utforming av bygg og anlegg: ta omsyn til eksisterande bygge og vektleggja heilskap

Reguleringsplanar og pågåande planarbeid

Tilgrensande til planområdet i vest ligg reguleringsplan «Endring av reguleringsplan for Rabben båthamn, gnr. 9/37 m.fl (original ID 124420060002)» (Figur 2). Denne planen ble vedteken i 2011 og endra i 2021. Planen legger opp til fritidsbygg, naust, næring og småbåtanlegg i sjø med mange båtplassar. Planforslaget vil ha vegtilkomst som går igjennom (og overlappar) denne reguleringsplanen i sørvest.

Det er ingen andre nærliggande reguleringsplanar som vil ha påverknad på planforslaget.

Statlege føringar

- [Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, kgl.res. 24.01.2025](#)

Dei statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet legg føringar for kommunal planlegging av bolig-, areal- og transportplanlegging, og gir deriblant generelle retningslinjer for fritidsbustader (3.5). For Austevoll, eit distriktsområde med til dels lavt utbyggingspress, lavt folketall og/eller negativ befolkningsutvikling skal retningslinjene særleg bidra til utvikling av levedyktige lokalsamfunn.

Retningslinjene slår blant anna fast at planlegging av fritidsbustader skal leggje til grunn berekraftig arealbruk, redusert naturinngrep og effektiv utnytting av eksisterande infrastruktur (kap. 1 og 2). Fortettingspotensialet i eksisterande fritidsbustadområde skal kartleggast og utnyttast før det vert lagt til rette for nye område, og nye eller utvida fritidsbustadområde skal avgrensast mot samanhengande natur-, friluftsliv- og landskapsområde (kap. 3.5). Verknader for landskap, naturmangfald, friluftsliv og klima skal vurderast og minimerast, og utbygging må sjåast i samheng med behov for veg, vatn, avløp og andre tenester (kap. 3.5 og 3.10). Planforslag skal vidare byggje på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag, inkludert vurdering av alternativ, natur- og landskapsverknader og risiko- og sårbarheit (kap. 6).

Vurdering: Planframlegget skal ikkje føre til nedbygging av særleg viktige naturareala. Difor må blant anna plassering av nytt parkeringsområde og dei eventuelle endringane som gjeld det eine naustet, bli gjort med omsyn til elvelaupet og innmarksbeite i planområdet. Planforslaget vil også vektlegge kulturhistoriske element og ivareta viktige landskapstrekk.

- [Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, kgl.res. 28.05.2021](#)

Føremålet med retningslinjene er å tydeleggjera nasjonal arealpolitikk og sikre nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Strandsoneforvaltninga skal bidra til berekraftig utvikling jamfør FN's berekraftsmål. Retningslinjene skal bidra til at det takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre almenne interesser i strandsona, og at ein unngår bygging langs sjøen som ikkje er naudsynt, jf. Pbl §1-8. Retningslinjene bidreg til differensiert strandsoneforvaltning. Austevoll kommune er vurdert til å ligge i *sone 3 – område med mindre press på areala*.

Aktuelle retningslinjer i dette planarbeidet:

- 10.2 - Syner til at visse tiltak, til dømes brygger og naust, bør lokaliserast i tilknytning til anna bebyggelse, og at fellesløysingar bør prioriterast.
- 10.3. – Syner til at tiltak som tillatast bør tilpassast omgjevnadane best mogeleg.
- 10.4. - Syner til at ein skal leggja vekt på omsynet til tilgjenge for ålmenta ved å sette av areal til kyststi og friluftsområder.

- [Statlige planretningslinjer for klima og energi, 20.12.2024](#)

Forskifta fastsett statlege retningslinjer for korleis klima- og energiomsyn skal integrerast i all planlegging etter plan- og bygningslova. Retningslinjene skal sikre at klima, energi og natur omsynas systematisk i planlegginga. Dette inneber at arealbruk og løysningar skal bidra til reduserte klimagassutslepp, oppretthalde karbonlager og støtte overgangen til eit lågutsleppssamfunn.

Måla inneber mellom anna å:

- bidra til at Noreg når sine nasjonale klimamål
- sikre naturmangfald og livsgrunnlag
- leggje rette for effektiv og fleksibel energibruk
- styrke samfunnets tilpassing til klimaendringar

Vurdering: Det vil bli utarbeida ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som del av planforslaget, her vil ein mellom anna vurdere potensielle farar ved havnivåstigning og stormflo.

- [Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga, 20.09.1995](#)

Viktige nasjonale mål er å sikre eit oppvekstmiljø som gir born og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ein kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om born og unge sine behov. Føremålet med retningslinjene er å synleggjera born og unge sine interesser i planlegginga, samt gje kommunane eit godt grunnlag for å ivareta desse opp mot andre interesser og omsyn.

Aktuelt for dette planarbeidet er pkt.5, bokstav a og b – om krav til fysisk utforming:

- a. Areal og anlegg som skal nyttast av born og unge skal være sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare.
- b. I nærmiljøet skal det finnast areal der born kan utfolda seg og skapa sitt eige leikemiljø. Dette føreset mellom anna at areala er store nok og er eigna for leik og opphald, gjev mogelegheit for ulike typar leik på ulike årstider, at dei kan nyttast av ulike aldersgrupper, og gjev mogelegheit for samhandling mellom born, unge og vaksne.

Vurdering: Areal som er avsett til friluftsområde og gangveggar i planområdet vil kunne nyttast av born og unge som nyttar nærområdet, og er ikkje utsett for forureining, støy eller anna helsefare.

Regionale føringar

- [Klimaplan for Hordaland 2014-2030](#)

I kapittel 5 Arealbruk og transport er det vedteke at (gamle) Hordaland «skal ha eit berekraftig utbyggingsmønster som reduserer transportbehovet, stimulerer til kortare og meir miljøvenlege reiser, og unngår nedbygging av verdifulle areal». Det er vidare påpeikt at eit tett utbyggingsmønster reduserer transportbehovet (5.1.2). Vurderinga er at det vil vera viktig å leggja til rette for

fellesløyisingar ved småbåthamna og unngå større inngrep i strandsona enn naudsynt. Det står vidare at «landstraum og energisparande fortøyingsrutinar må innførast på alle offentlege og større private hamner og ferjestader» (5.1.4.). Vurderinga er at dette ikkje i stor grad er aktuelt for denne private småbåthamn, men at ein likevel kan vurdere behovet for landstraum og ladetilhøve for småbåtar som del av planarbeidet.

Relevante retningslinjer for planlegging (s.43):

- fortetting og utbygging må skje med kvalitet og utan nedbygging av verdifulle areal

Konsekvensar for bygg og handtering av overvatn (s.55):

Eksisterande og nye bygningar, kulturminne, og infrastruktur må sikrast mot ekstra påkjenningar. Arkitektar, ingeniørar og planleggjarar må samarbeide om heilskaplege løysingar for klimarobuste bygningar. Meir nedbør og fukt bidreg til auka belastning på materialar og konstruksjonar. Ein må kartlegge og ta omsyn til klimasårbarheit i risiko-og sårbarheitsvurderingar i byggeprosjekt.

Dette vil få merksemd i ROS-analysen (jf. pbl. §4-3).

- [Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger, revidert 20.03.2020](#)

Hovudmål: Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringer i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling. Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.

Særskilt relevant delmål:

- Strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Det er eit mål å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging.

Særleg relevante retningslinjer:

Generelle retningslinjer

- 2.5 Samanhengande grønstruktur skal sikrast som grunnlag for friluftaktivitetar. Tilkomst til og langsmed strandsona bør sikrast både frå landsida og sjøsida. Tilrettelegging for ferdsel bør prioriterast. Verdifulle landskapsområde og mangfaldet av landskapstypar skal ivaretakast.

Sjøtransport og maritim næring

- 2.18 Areal til farleier, hamner og kommunikasjonspunkt mellom sjø og land skal sikrast i planar.

Strandsone

- 2.22 Kommunane skal vurdere om tiltak som tidlegare er godkjent i kommuneplan eller reguleringsplan, er i samsvar med nasjonale og regionale føringar for strandsona.
- 2.23 Kommunen skal vurdere behov for nye byggeområde, båtplassar og tilrettelegging for friluftsliv.

Generelt for nye tiltak i strandsona

- 2.27 Nye tiltak i strandsona skal gjevast ei god estetisk og arkitektonisk utforming når det gjeld form, volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar, og gje minimale terrenginngrep og optimal massebalanse.
- 2.30 Allmenn tilgang til strandsona i form av strandpromenade, offentlig tilgjengeleg kai og parkar/byrom/friområde må tilretteleggjast i utvikling av by- og tettstader.
- 2.31 Brygger skal ikkje byggast slik at dei stenger for allmenn ferdsel mellom naust og sjøen. Brygger bør etablerast utan store, irreversible terrenginngrep.

Båthamner

- 2.32 Fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framføre nye naustområde. Det skal leggjast opp til fellesløysingar for båtplassar, båtslipp, molo og infrastruktur som til dømes bodar, toalett/dusjrom, felleslokale og parkering knytt til båthamna på land.
- 2.34 Småbåtanlegg bør vurderast ved nye bustad- og fritidsbustadeigedomar ved sjø. Småbåtanlegg er mindre anlegg knytt til nærare fastsette eigedomar, og bør regulerast saman med dei aktuelle eigedomane.

Naust

- 2.35 Naust er uthus i strandsona som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna. Naust skal ikkje nyttast til overnatting og innreist som bustad/ fritidsbustad. Nye naust skal som hovudregel samlast i eigne naustmiljø der ein planlegg med tanke på fellesløysingar for kai, bryggjer, parkering, bodar, toalett/bad, parkeringsplassar og anna. I desse områda bør det utarbeidast reguleringsplan.
- 2.36 Nye naust skal ikkje redusere ålmenta si tilgang til strandsona. Det skal tilretteleggjast for allmenn ferdsel ved nye naust. Det er ikkje tillate med nye gjerde/ levegg eller andre stengsler i naustområde.
- 2.37 Nye naust bør oppførast som separate einingar med variasjon i breidde og mønehøgd. Naustbygg skal vere maks. 40kvm, vere maks 1 etasje, ha maksimal mønehøgd 5,0 m over lågaste terreng under bygget. Naust skal ha ei utforming som samsvarar med bruken. Større takutstikk, takvindauge, terrassar og balkongar er ikkje i samsvar med bruken. Andre utformingar av naust kan vurderast gjennom detaljplanlegging dersom naustet er fellesnaust, eller det ligg føre gode arkitektoniske og landskapsmessige løysingar.

Vurdering: Planforslaget vil i hovudsak vera i tråd med arealdelen til kommuneplanen for Austevoll kommune 2012 – 23, og bidreg difor til ei føreseieleg utvikling i området som er avklart på eit overordna plannivå. Etablering av naust og felles båtplassar vert samordna og dagens situasjon vidareførast. Tilgjenge til strandsona for ålmenta vert ikkje redusert.

h. Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet


Det er gjort ein utsjekk av interesser i nasjonale, regionale og lokale databasar. Kjeldene som er nytta og som er særskilt relevante i dette planarbeidet:

- [Kommunekart \(alle kartlag tilgjengeleg på heimesida til Austevoll kommune\)](#)
- [Naturbase kart](#)

Der er registrert 2 SEFRAK bygg innanfor planområdet, og 4 rett vest for planområdet (figur 7). Bygga innanfor planområdet er registrert med gul og grå trekant. Gul trekant signaliserer «andre SEFRAK-bygg» og grå trekant signaliserer at bygningen er blitt fjernet. Bygget som er registrert med gul trekant er fjernet, mens bygget som er registrert med grå trekant er eit gammalt naust. Naustet skal vidareførast i planforslaget, og enten rivast eller vedlikehaldas.

Dei 4 bygningane utanfor planområdet er registrert med rødt trekant, som betyr «meldepliktig SEFRAK-bygg».

Utanom SEFRAK-bygg er det ikkje kjende kulturminne eller andre kulturverdiar i eller kring planområdet.



Figur 15: Utklipp frå Miljøstatus som syner SEFRAK-bygg i nærrområde.


i. Ivaretaking av samfunnstryggleik / førebygging av risiko og sårbarheit

Store delar av nye utbyggingsområder er utsett for stormflo langs kysten. Det er òg registrert eit aktsemdsområde for flaum langs ein bekk som har utløp aust innanfor planområdet (figur 8).

På dette tidspunktet er det ingen andre punkt som er vurdert til å vere av særskild interesse som må takast omsyn til i planmaterialet med tanke på ivaretaking av samfunnstryggleik og/eller førebygging av risiko og sårbarheit.

j. Offentlege organ og andre interesserte som skal varslast ved planoppstart

Kommunen sender ny liste over dei som skal varslast ved innsending av oppdatert planinitiativ.



Figur 16: Utklipp frå NVE's temakart som syner område for stormflo og aktsemdsområde for flaum.

k. Prosessar for samarbeid og medverknad

Jf. Pbl §§ 1-1, 5-1 skal forslagsstillar legge til rette for medverknad i alt planarbeid, og sikre aktiv medverknad dersom det krevjast særskilt tilrettelegging. Dette inneberer jf. Pbl § 5-2 at planprosessen skal framstillast elektronisk og at ein skal legge til rette for dialog i alle fasar. Ein skal òg leggja til rette for aktuell informasjon med betydning for planprosessen sin føreseielegheit jf. Pbl § 3-2.

I det føreliggjande planarbeidet er det ingen interesser som krev særskilt tilrettelegging for medverknad i dette planarbeidet utover dei ordinere prosessane. Planarbeidet følgjer dei ordinære medverknadsprosessane etter plan- og bygningslova jf. §§4-1, 4-2 og 12-8 – 12-12. Ved oppstart og ved høyring og offentleg ettersyn vert naboar, offentlege mynde, samt andre råka partar og interesseorganisasjonar varsla jf. Pbl §§ 5-2 og 12-8.

Alle merknadar som kjem inn til planarbeidet i dei ulike fasane vert summert i eige merknadsskjema, der ein òg kommenterer korleis merknadane vert handtert i planforslaget før neste handsaming. Dersom det undervegs i planarbeidet oppstår behov for ytterlegare medverknadsprosessar, til dømes mekling, dialogmøte eller anna konfliktløysing utover dei ordinere prosessane, vil ein leggja til rette for dette i tråd med Rettleiar for medverknad i planlegging (kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014).

Statlege og regionale organ som vert råka av planframlegget har høve til å fremja motsegn jf. Pbl §5-4 og 5-5.

l. Vurdering av konsekvensutgreiing

- [Forskrift om konsekvensutgreiing, 2017](#)

Planarbeidet er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing, jf. forskrift om konsekvensutgreiing(2017), og rettleiar for konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova (2021)

Føremålet med forskrifta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn vert gjort greie for under førebuing av planar og tiltak, og når det takast stilling til om og på kva vilkår planar eller tiltak kan gjennomførast. Kva planar og tiltak som omfattast av forskrifta går fram av [§ 6](#), [§ 7](#) og [§ 8](#).

Vurdering: Etter ein gjennomgang av §§ 6 - 8 og bokstavane i vedlegg I og II i «forskrift om konsekvensutredning», er det vurdert at planforslaget ikkje krev konsekvensutgreiing. Dette vert grunna med at tiltak i planen er i hovudsak i tråd med overordna plan, og det ikkje skal bli gjort tiltak som følger av vedlegg I og II til forskrift om konsekvensutredning.

Vedlegg:

- Illustrasjonsplan – Skisse 1:1000

